

Skuleåret 2017-2018

Rettleiar for arbeid med skulemiljø

- for eit godt skulemiljø, mot mobbing og andre krenkingar.

INNHALD

1. HOVUDMÅL OG INNLEIING	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
2. ELEVANE HAR RETT TIL Å HA DET BRA	3
3. DEFINISJONAR.....	5
4. RETTLEIING FOR GODT SKULEMILJØ, MOT MOBBING OG KRENKINGAR	6
A. Førebygging:	6
B. Merksemd/mistanke/kunnskap.....	11
C. Avdekke mobbing	13
D. Prosedyrar ved handtering av mobbing/krenkingar	14
E. Oppfølging og etterarbeid	17
F. Huskeliste: Stopping av digitale krenkingar	18
5. RESSURSAR OG KJELDER:.....	19

Tusen takk til prosjektgruppa «Innenfor skolen» og skulehelsetenesta i Bergen kommune som har vore med å utforme rettleiaren saman med mobbeombodet. Vi vil òg rette ein stor takk til alle elevar som gitt innspel til rettleiaren.

1. Hovudmål og innleiing

Hovudmålet med rettleiaren «Arbeid med skulemiljø» er å gi dei vidaregåande skulane i Hordaland eit godt verktøy til å utforme ein plan mot mobbing. Målet er at alle elevar ved dei vidaregåande skulane skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Rettleiaren er utarbeida av elevinspektørar, rektorar, helsesysterer og elevar i prosjektet «Innenfor skolen», eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Rettleiaren er eit heilskapleg verktøy som skulane kan nytte i arbeidet med eigen handlingsplan eller eit årshjul for eit godt skulemiljø. Nokre av tiltaka i planen vil vere knyta til loven og vere nødvendige for å følgje loven. Andre av tiltaka er tips for å jobbe enda betre for gode skulemiljø – vi kan alltid vere betre enn minstekravet!

Det er viktig å huske at eit godt skulemiljø er meir enn fråvær av mobbing og krenking. Nokre saker vil vere særleg alvorlege sjølv om saka ikkje handlar om mobbing. Kva tiltak som er best må vurderast i kvart enkelt tilfelle.

Rettleiinga er bygd opp med forslag til tiltak i ei kronologisk rekkefølge under kvar bokstav. Nokre tiltak vil av den grunn skje parallelt.

- A. [Førebygging](#)
- B. [Merksemd/mistanke/kunnskap](#)
- C. [Avdekke mobbing](#)
- D. [Prosedyrar ved handtering av mobbing \(stoppe og gjenopprette\)](#)
- E. [Oppfølging og etterarbeid](#)
- F. Huskeliste: stopping digitale krenkingar

2. Elevane har rett til å ha det bra

«Mobbing er når noen prøver å få deg til å føle deg mindre verdt som person gang på gang, og du ikke klarer å stoppe det.»¹

Alle elevar i vidaregåande skule har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det å bli utsett for mobbing i oppveksten er svært uheldig for den psykiske helsa til barn og unge på kort og lang sikt.² Det er difor viktig å sikre best mogleg praksis for førebygging, avdekking og oppfølging av mobbing.

Dei vidaregåande skulane i Hordaland arbeider etter prinsippa om at elevane står i sentrum og skulen skal alltid vurdere kva som er eleven sitt beste, slik det er nedfelt i Barnekonvensjonen.

¹ «Mobbeboka – Alt du lurar på, men ikke tør spørre om», Kristin Oudmayer, Humanist Forlag 2017

² Breivik, K., Bru, E., Hancock, C., Idsøe, E. C., Idsøe, T., & Solberg, M. E. (2017). *Å bli utsatt for mobbing. En kunnskapsoppsummering om konsekvenser og tiltak*. Stavanger: Læringsmiljøsentret. [online] Henta frå:

<https://helsedirektoratet.no/Documents/Psykisk%20helse/a-bli-utsatt-for-mobbing---en-kunnskapsoppsummering-om-konsekvenser-og-tiltak.pdf>

Elevane skal alltid bli høyrde. Mobbing skal ikkje skje, det skal nytte å seie i frå og tiltaka skal gje resultat. For å få til dette må elevar og skule arbeide saman. Alle tilsette i skulen, i OT/PPT og i skulehelsetenesta må samarbeide for elevane sitt beste. Det betyr at skulehelsetenesta og PPT så tidleg som råd er, innhentar samtykke frå eleven for å kunne leggje til rette for eit best mogleg samarbeid med skule og føresette.

For skulen er det lovfesta særskilte krav til handsaming av mobbing og andre krenkingar i opplæringslova kapittel 9a. Opplæringslova inneheld krav til skulen sitt systemretta og individretta arbeid. Skulen skal følgje med på elevane sitt skulemiljø og fange opp tilfelle der eleven sin rett til et godt skulemiljø ikkje er oppfylt, jf. oppl. §§ 9a-3 og 9a-4.

Skulen har ei lovfesta aktivitetsplikt. Tilsette, det vil blant anna seia lærarar, fagarbeidarar, assistentar og leiarar, skal gripe inn og verne elevar mot krenkingar, uavhengig av kven som har utført dei. Den tilsette skal varsle rektor om mobbing og andre krenkingar. Varslinga er naudsynt for at rektor skal ha oversikt over skulemiljøet og sikre ei systematisk oppfølging av saker på rett nivå. Skulen sitt ansvar i tråd med kapittel 9a kan også gjelde for krenkingar utført utanfor skuletida, dersom hendingane påverkar situasjonen til eleven på skulen.

Aktivitetsplikta omfattar fleire delplikter. Alle som arbeider på skulen skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø. Alle tilsette skal gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor om dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal snarast undersøkje saka og avdekke kva dette er.

Om ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt eller ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen setje inn tiltak for å stoppe krenkingar og sørgje for at eleven igjen får eit godt skulemiljø. Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal setjast i verk tiltak i ei sak.

Skulen skal følgje opp saka og evaluere om tiltaka har ønska effekt. I det systematiske HMS-arbeidet skal det vere fastsett rutinar for dokumentering.

Aktivitetsplikta kan forståast som ei handlingssløyfe med fire fase. Handlingssløyfa kan illustrerast slik:



3. Definisjonar

Definisjonane er hovudsakleg henta frå [«Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehagemiljø, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser. En felles plattform for statlige aktører»](#) som er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet i 2016. Les uttømmande om dei ulike formene for krenkingar i grunnlagsdokumentet.

Mobbing er gjentekne krenkingar mot ein person som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. For det første er det negative handlingar, for det andre er det gjentekne over tid, og for det tredje kan det vere ei reell eller opplevd ubalanse i styrkeforholdet mellom den/dei som blir mobba, og den/dei som mobbar. Det er den subjektive opplevinga til eleven som blir lagt til grunn. Mobbing kan skje fysisk, munnleg, relasjonelt og/eller digitalt.

Krenkingar (eller krenkande ord eller handlingar) er eit samleomgrep for negative ord eller handlingar som barn og unge opplev som krenkande for han eller ho si verdigheit eller integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå fellesskapet. Omgrepet omfattar alt frå enkeltstående ytringar, eller handlingar, til gjentekne episodar. Det omfattar bl.a. mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespreiing eller andre handlingar som gjer at barn og unge opplever at dei er utrygge, føler ubehag, eller ikkje kjenner seg inkludert i fellesskapet. Krenkingane kan også skje digitalt, til dømes gjennom tekst og bilete, eller ansikt til ansikt. Både barn, unge og vaksne kan krenke.

Digitale krenkingar kan vere både direkte og indirekte – synlege og usynlege. Digitale krenkingar kan bli svært alvorlege ved at bilete, tekst eller video blir spreidd raskt, slik at avsendaren mister kontrollen over omfanget og kven som er mottakarar. Digitale krenkingar er ofte ein del av ein mobbesituasjon.

Trakassering er handlingar eller ytringar som verkar eller som har til formål å verke krenkande, skremmande, fiendtlige, nedverdiggande eller audmjukande.^[3] I skulesamanheng må ein vere særskild merksam på seksuell trakassering. Slik trakassering spelar på kjønn, kropp og seksualitet.

Diskriminering er eit rettsleg omgrep for usakleg å behandle enkeltpersonar eller grupper ulikt, eller dårlegare enn andre i tilsvarende situasjon. Diskrimineringsgrunnlaga er etnisitet, religion, livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og kjønn. Etnisitet inkluderer her også urfolk³ [3,4].

³ https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2013-06-21-60/KAPITTEL_2#§9, Lov om forbud mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering -2013). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2013-06-21-58?q=diskrimineringslova>

4. Rettleiing for godt skulemiljø, mot mobbing og krenkingar

A. FØREBYGGING:

Førebygging startar før første skuledag! For å førebyggje mobbing er det viktig med gode klassemiljø. Å ha vener i klassen, og at klassen kjenner seg som eit «gyldig vi», er førebyggjande mot mobbing. Ein god og strukturert skulestart er ein viktig del av dette arbeidet. Ved skulestart blir det arbeide med relasjonar mellom lærar – elev og elev – elev. Relasjonen er alltid læraren sitt ansvar.

Det er viktig at dei tilsette ved skulen står fram som tydelege, trygge og imøtekommande vaksne, at det er sterkt fokus på klasseleiing og at skulestarten gjev alle elevar ei positiv oppleving. Skulen jobbar kontinuerlig med klassemiljøet og skulemiljøet gjennom heile året. Skulehelsetenesta er ein viktig samarbeidspartnar for skulen i arbeidet med å førebyggje mobbing og andre krenkingar.

Skulen og skulehelsetenesta kan til dømes samarbeide om undervisningsopplegg for elevar og foreldre kring tema som utestenging og digital mobbing. Det er god førebygging at elevmiljø og læringsmiljø blir diskutert jamleg i skulen sine møtefora, til dømes fast punkt på klasselærarråd. Samarbeid mellom heim og skule er særleg viktig – og føresette bør bli involverte der det er mogleg.

Tiltak	Kommentarar	Ansvar (til dømes)	Tidspunkt
Rektor skal informere alle tilsette munnleg og skriftleg om kapittel 9A i opplæringslova.	Alle tilsette bør særleg ha kjennskap til aktivitetsplikta etter Opplæringslova § 9A-4 og 9A-5. Det ligg mykje god informasjon og hjelp på UDIR.no og nullmobbing.no	Rektor	Ved skulestart kvart år og ved tilsetjingar
Kollegiet skal jobbe seg gjennom krava i kapittel 9A.	Alle tilsette skal ha ei felles forståing av kva mobbing og krenkingar er. Alle tilsette skal ha oppdatert kunnskap om mobbing og andre krenkingar.	Rektor	Ved skulestart kvart år og ved tilsetjingar, til dømes planleggingsdag ar.

<p>Det skal lagast ein strukturert plan for elevane sine «oppstartsdagar».</p>	<p>Planen skal ha fokus på å byggje gode relasjonar mellom elevane og lærarane i klassen, skape gode arbeidsvanar og godt læringsmiljø.</p> <p>«Oppstartsdagane» skal også vere med på å skape eit godt og trygt klassemiljø for alle elevane, til dømes kan ein bruke VIP Makkerskap.</p> <p>Det er eit viktig poeng at ingen skal måtte gå aleine dei første dagane.</p>	<p>Plan: Leiargruppa, elevråd, elevinspektør, rådgjevarar, kontaktlærarar.</p> <p>Gjennomføring: Kontaktlærarar, faglærarar og miljøfagarbeidarar</p>	<p>Første skuleveka</p>
<p>Alle elevar og deira føresette får informasjon om retten til eit godt psykososialt miljø (kapittel 9A), korleis elevane kan be skulen om tiltak og korleis dei kan klage til Fylkesmannen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Plakat/skjerminfo om mobbing og korleis ein kan be om hjelp. - Lenke på skulen sin nettside om ny lov på hordaland.no - Skulen sin handlingsplan mot mobbing er tilgjengeleg - www.nullmobbing.no - Kontaktinformasjon til omboda i Hordaland 	<p>Rektor</p>	<p>Ved skulestart</p>
<p>Klassemiljø/skulemiljø er tema på startamtalen for alle nye elevar.</p>	<p>Konkrete og direkte spørsmål om tidlegare erfaring med mobbing eller dårleg klassemiljø er alltid med.</p>	<p>Kontaktlærarar</p>	<p>Første skuleveka</p>
<p>Elevar som har vore utsett for mobbing tidlegare, skal få tilbod om samtale med elevtenesta/skulehelsetenesta.</p>	<p>Tiltak for å ivareta eleven diskuterast i samtala.</p>	<p>Kontaktlærer</p>	<p>Snarast etter samtale</p>

<p>Elevane skal få opplæring i nettvett og haldningar, med særleg fokus på bruk av sosiale medium.</p> <p>Elevane får opplæring i å rapportere og søkje om hjelp dersom dei opplever, eller er vitne til digitale krenkingar.</p>	<p>Det er viktig at elevane har kunnskap om kva som er lov og ikkje lov ved bruk av digitale medium. Elevar er med å utforme opplegget.</p> <p>Ein kan til dømes bruke Barnevakten, Mobbeombodet eller politiet som ein del av opplegget. Sjå også: dubestemmer.no, IKT-plan-Beta (for kompetanseheving blant lærarar).</p>	<p>Rektor – kontaktlærer gjennomfører.</p>	<p>Første skuleveka og kontinuerleg gjennom året</p>
<p>Alle klasser har klassens time. I første timen skal ein ha fokus på klassemiljø.</p>	<p>Korleis skal vi ha det i klassen vår, reglar og kva er viktig for eit godt sosialt og fagleg læringsmiljø.</p> <p>Kva er krenkande åtferd? Korleis kan ein melde frå om krenkingar?</p>	<p>Kontaktlærarar</p>	<p>Første / andre skuleveka</p>
<p>Klassemiljøet skal være fast sak i klassens time.</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Alle elevar skal ha opplæring i sine rettar og plikter, dvs opplæringslova kap 9A, kven dei kan melde frå om krenkingar, og korleis dei kan klage til Fylkesmannen. - Kurs i konflikthandsaming - Dialogsirkel <p>Sjå forslag til tema for klassens time på http://innsida.hfk.no/Skule/Mobbeombodet/</p>	<p>Kontaktlærarar og tillitsvalt elev</p>	<p>Jamleg</p>

<p>Skulen opprettar ei digital kompetansegruppe</p>	<p>Grappa består av elevar som gjev tilsette informasjon og opplæring om til dømes aktuelle sosiale media.</p> <p>Elevane søkjer om å sitte i grappa.</p>	<p>Elevinspektør?</p>	<p>Møte minimum fire gonger i året, Minimum to kurs for tilsette.</p>
<p>Foreldre blir involvert i arbeidet med det skulemiljøet gjennom foreldremøter</p>	<p>Det psykososiale miljøet, krenkingar og mobbing er tema på alle foreldremøter.</p> <p>Korleis kan føresette bidra til gode klassemiljø?</p> <p>Føresette blir informert om korleis dei kan gå fram om ein elev ikkje har det bra.</p>	<p>Skuleleiing og kontaktlærarar</p>	<p>Haust og vår</p>
<p>Arbeid med klassemiljø/skulemiljø skal integrerast i undervisninga i ulike fag</p>	<p>Arbeid med normer og gruppebaserte fordommar, identitet og grenser;</p> <p>Mogleg verktøy er til dømes: www.dembra.no, http://www.skeivungdom.no/2015/12/ressurser-til-laerere-og-elever/ www.uke6.no</p>	<p>Kontaktlærer og faglærarar</p>	<p>I løpet av året</p>
<p>Elevrådet går gjennom Opplæringslova kap 9A og skulen sin handlingsplan.</p> <p>Elevrådet kjem med framlegg til lokale førebyggjande tiltak.</p>		<p>Elevinspektør</p>	<p>Oktober</p>
<p>Klasseleiing og læringsmiljø er faste saker på kontaktlærarmøte/ klasseleiararmøte.</p>		<p>Kontaktlærarmøte: Assisterande rektor</p> <p>Klasselærarmøte: kontaktlærarar</p>	<p>Alle møte</p>

Mobbing og skulemiljø/klassemiljø er fast sak på ressurssteammøter.		Ressursteamet	Alle møte
Mobbing og skulemiljø/klassemiljø er fast sak på skulemiljøutvalsmøter.		Skulemiljøutvalet og leiar i Elevrådet / Elevinspektør	Alle møte
Mobbing og skulemiljø/klassemiljø er fast sak på elevrådsmøter.	Har alle elevane på skulen det bra?	Rektor	Alle møte
Kontaktlærer gjennomfører utviklingssamtalar (ein per halvår)	«Har du det bra?» «Ser du nokon som ikkje har det bra?» «Kjenner du til nokon som blir mobba eller utsatt for krenkingar» «Har alle i klassen det bra på nettet?» «Kva gjer du for at dei i klassen din skal ha det bra?»	Kontaktlærer	Haut/vår
Skulen arrangerer aktiviteter mot einsemd i fritimer/storefri.	Variasjon i val av aktiviteter. Hugs at aktivitetane ikkje skal stadfeste nokon sitt «utanforskap»	Miljøarbeider?	Kontinuerleg, lurt å ha dei på måndag/tysdag.

B. MERKSEMD/MISTANKE/KUNNSKAP

Den første fasen i handlingsløyfa er knytt til å følgje med og fange opp mistanke eller få kunnskap om at elevar ikkje har eit godt og trygt skulemiljø. Her er dei profesjonelle vaksne sine kompetente blikk avgjerande. Om ein tilsett er i tvil om at ein elev har blitt utsett for mobbing eller andre krenkingar **skal** ho undersøkje saka.

Tiltak	Kommentarar	Ansvar (til dømes)	Tidspunkt
Tilsette og elevar følgjer med og melder frå til rektor ved observasjon av mobbing og krenkingar	Merk at det er ei skjerpa aktivitetsplikt etter § 9A-5, dersom ein tilsett krenker ein elev.	Tilsette Elevar	Kontinuerleg
Skulen gjennomfører inspeksjon	Skulen må «følgje med» etter aktivitetsplikta i § 9A-4. Ein bør særleg ha fokus på einsame elevar.	Tilsette/miljøgruppe	Dagleg
Skulen gjennomfører systematisk observasjon	Ved jamne mellomrom bør skulen gjennomføre systematisk observasjon for å sikre at skulen fangar opp elevar ikkje har det bra. Ein bør særleg ha fokus på einsame elevar.	Leiargruppa	Jamleg
Skulen gjennomfører systematisk observasjon ved mistanke	Bruk til dømes: <u>«Innblikk»</u>	Leiargruppa og tilsette	Ved mistanke
Kontaktlærer gjennomfører utviklingssamtaler	Samtalen inneberer spørsmål om mobbing i klassen/på skulen. «Har du det bra?» «Ser du nokon som ikkje har det bra?» «Kjenner du til nokon som blir mobba eller utsatt for krenkingar» «Har alle i klassen det bra på nettet?» «Kva gjer du for at dei i klassen din skal ha det bra?»	Kontaktlærer	Haust og vår
Skulen analyserer elevundersøkinga og setter i gang tiltak på grunnlag av resultatata		Leiargruppa - kontaktlærer	Frå 15.11 og ut skuleåret

Skulen gjennomfører klassemiljøundersøking i alle klasser	Til dømes: «Spekter» http://innsida.hfk.no/Skule/Mobbeombodet/	Kontaktlærer	Vår
Kontaktlærer skal ha oversikt over klassemiljøet	Ein kan nytta sosiogram og/eller relasjonskart	Kontaktlærer	Haut/Vår

C. AVDEKKE MOBBING

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka. Vi har følgjande tiltak for å avdekke eventuell mobbing av og mellom elevar:

Tiltak	Kommentarar	Ansvar (til dømes)	Tidspunkt
Skulen opprettar ei prosjektgruppe	Ein prosjektleiar held i saka til den er avslutta og eleven har det trygt og godt. Gruppedeltakarar kan til dømes vere: elevinspektør, rådgjevar, skulehelseteneste, rektor/avdelingsleiar, PPT, kontaktlærer. Skulehelsetenesta skal være ein del av prosjektgruppa. Eleven bør få velje ein av personane i gruppa som han/ho stolar på som kontaktperson.	Rektor Kontaktpersonen til den som blir utsett for mobbing/krenkingar og «prosjektgruppe» oppretta i saka	Ved mistanke/kunnskap
Skulen må undersøke saka gjennom observasjon, elevsamtalar og klassemiljøundersøking.	Les «Innblikk» for tips og råd om systematisk observasjon og grundig elevintervju. Ein kan og til dømes bruke «Spekter».	Prosjektgruppa Kontaktlærer/prosjektgruppe. PPT kan rettleie i bruk av arbeidet med til dømes Innblikk.	Ved mistanke/kunnskap

D. PROSEDYRAR VED HANDTERING AV MOBBING/KRENKINGAR

Saksgang	Tiltak	Ansvar (til dømes)
1	Den som mistenker/oppdagar mobbing/krenkingar melder straks frå til kontaktlærer (elev) eller til avdelingsleiar (tilsette).	Alle
2	Meldeskjema om «bekymring for eleven sitt psykososiale miljø» blir fylt ut og blir levert til rektor.	Den som får meldinga
3	Omsorgsfull samtale med eleven/elevane som er utsett. Eleven blir informert om skulen sine prosedyrar i slike saker. Eleven blir høyrte og informert i heile prosessen.	Kontaktlærer
4	Informasjonsskriv til eleven og eventuelt føresette om skulen sin rutinar ved mogleg brott på § 9A-3 [sjå mal]. 1. Takk for at du melde frå 2. Vår rutine i slike saker er: xxxx. 3. Dine rettar 4. Du blir kalla inn til møte den (dato) Skrivet må sendast ut snarast, og seinast innan fem virkedagar.	Kontaktlærer
5	Om det ikkje allereie er oppretta ei prosjektgruppe, må det gjerast.	Rektor
6	Prosjektgruppa vurderer kontinuerleg om ein treng ekstern ekspertise (til dømes frå PPT, innsatsteam, mobbeombodet eller politiet).	Prosjektgruppa
7	Ved digital mobbing må det raskt vurderast om det har skjedd noko kriminelt. Ein må yte hjelp og støtte ved ein eventuell melding til politiet. Husk å ta vare på bevis. Skulen kan melde saka til politiet. Sjå huskeliste ved digitale krenkingar.	Prosjektgruppa

8	<p>Den som er utsatt for mobbing/krenkingar blir kalla inn til samtale to med nokon frå prosjektgruppa. Føresette bør informerast og eventuelt bli involvert.</p> <p>Husk plikta til å dokumentere.</p>	Prosjektgruppa
9	<p>Aktuelle tilsette samlar inn informasjon - observerer, snakkar med aktuelle elevar, gjennomfører klassemiljøundersøking/elevsamtaler, osb.</p> <p>Observasjonsperioden bør ikkje vare lengre enn 3 veker. Husk at eleven (og eventuelt foreldre) får informasjon heile vegen.</p>	Rektor/prosjektgruppa
10	<p>Den som utøver mobbinga blir kalla inn til samtale med deler av prosjektgruppa. Aktuelle tiltak drøftast med eleven. Sjå E) Oppfølging og etterarbeid.</p> <p>Eventuelle sanksjoner må ha utgangspunkt i ordensreglementet. Om nødvendig må saka meldast til politiet. Føresette bør informerast.</p>	Kall inn: Kontaktlærer/prosjektleiar Gjennomføring av møtet: Rektor
11	<p>Aktivitetsplan blir utarbeidd i samarbeid med den utsette eleven. Aktivitetsplan skal innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none">- Kva problem tiltaka skal løyse- Kva tiltak skulen har planlagt- Når tiltaka skal gjennomførast- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka- Når tiltaka skal evaluerast <p>Tiltak må bli retta mot: utsett(e), dei som utførar mobbinga, eventuelle medlauparar, tilskodarar og heile klassemiljøet.</p> <p>Ein kopi av aktivitetsplan blir sendt til opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune og merkast: 2016/9873.</p>	Prosjektgruppa
12	<p>Om det ikkje blir avdekka mobbing: Eleven har likevel meldt frå at ho/han ikkje har eit godt skulemiljø.</p> <p>Lag aktivitetsplan for korleis skulen vil jobbe for at eleven skal få eit godt skulemiljø.</p>	

13	Tiltak for å gjenopprette eit trygt og godt klasse miljø for alle i klassen.	Kontaktlærer (kan til dømes samarbeide med elevinspektør, skulehelseteneste, psykologeteamet, PPT)
----	--	---

E. OPPFØLGING OG ETTERARBEID

1	Den som blir utsett for mobbing får tilbud om oppfølging av skulehelsetenesta snarast og seinast innan to veker. Om eleven ikkje ønskjer oppfølging av skulehelsetenesta, må skulen sørge for anna oppfølging.	Skulehelsetenesta
2	Skulen må også følgje opp eleven med jamlege samtalar og eventuell tilrettelegging.	Prosjektgruppa
3	Dei som har utført mobbinga får tilbud/pålegg om samtale og rettleiing med skulehelsetenesta. Tilbodet må vare over tid for at mobbinga ikkje skal halde fram.	Skulehelsetenesta
4	For at mobbinga ikkje skal halde fram og for at elevane skal få hjelp til å endre seg, må dei følgast opp over tid av skulen. Det kan vere av skulehelsetenesta eller av andre ved skulen.	Prosjektgruppa
5	Familiane får tilbud om samtale med skulehelsetenesta	Skulehelsetenesta
6	Etter om lag ein månad: evalueringsmøte på grunnlag av tiltaksplan. Kontaktlærer kallar inn den som er utsett for mobbing til samtale. Dersom saka ikkje har løyst seg - kall inn til Tiltaksmøte II.	Prosjektleiar
7	Oppfølginga må vare lengre enn ein ofte trur – sørg for tilstrekkeleg oppfølging om til dømes ein av elevane byter skule.	Prosjektleiar

F. HUSKELISTE: STOPPING AV DIGITALE KRENKINGAR

1. Kontakt personen som har publisert

Veit du kven som har lagt ut dei uønskte opplysningane om deg? Ta kontakt med vedkommande og be om at opplysningane blir fjerna.

2. Kontakt dei som eig nettstaden

Dersom du ikkje veit kven som har lagt ut opplysningane, eller dei ikkje vil høyre på deg, kan du kontakte nettstaden (domenet) der opplysningane er publisert. Vis til nettstaden sine retningslinjer, for å påpeke kva du meiner det er brott på.

For å finne ut kven som eigar et norsk domene, kan du gå inn på den norske whois-databasen (<https://www.norid.no/no/domenenavnbasen>).

3. Kontakt nokon som kan hjelpe

Slettmeg.no gir råd, rettleiing og sletteguidar til korleis du kan gå fram for å fjerne informasjon sjølv på ulike nettstader og applikasjonar. Ring også om det er «noko nytt» du ikkje kjennar til og vil ha råd.

Om du har prøvd alt ovanfor, men den som har publisert informasjon om deg ikkje vil fjerne den, kan du ta kontakt med Datatilsynet. Legg da ved den eventuelle skriftlige korrespondansen du har med den eller dei som har publisert noko om deg.

Konfliktrådet kan også hjelpe deg med å løyse fastlåste konflikhtar, enten det dreier seg om lovbrott eller sivile konflikhtar. Konfliktrådet leggjar til rette for møter der de sjølv gjennom dialog kan finne fram til gode løysingar gjennom. Konfliktråd er ei gratis statleg teneste for alle. Ta kontakt med ditt lokale konfliktråd for meir informasjon om korleis dei kan hjelpe deg.

4. Kontakt politiet

Meiner du at opplysningane som er publisert er så ekstreme at de må bli fjerna raskt, bør du kontakte politiet. Ta eit skjermbilde. Meld forholdet. Særleg alvorlege episodar bør du rapportere til KRIPOS.

5. Ressursar og kjelder:

Nokre av sidene er rein informasjon, men mange har også filmar og diskusjonsoppgåver til bruk i lærarkollegiet, i klassane eller på foreldremøte. På mobbeombodet si intranettside finn du fleire presentasjonar, litteraturtips, filmtips med meir.

UDIR: www.udir.no

www.nullmobbing.no

Mobbeombodet i Hordaland: <https://www.hordaland.no/mobbeombod>
<http://innsida.hfk.no/Skule/Mobbeombodet/>

Læringsmiljøsentret i Stavanger: <http://laringsmiljosenteret.uis.no>

Trygg i Fjell (kommunalt prosjekt mot mobbing): TryggiFjell.no

Du bestemmer: Dubestemmer.no

Slett meg: Slettmeq.no

Kompetansepakker for lærarar (til dømes digital dømmekraft og sosiale medium):

<http://www.iktplan.no/index.php?pageID=112&lang=nb>

Digitale ferdigheter i opplæringa (mål for elevane):

<http://www.iktplan.no/index.php?pageID=69&lang=nb>

Medietilsynet: <http://www.medietilsynet.no/barn-og-medier/>

VIP Makerskap: <https://vestreviken.no/skoleprogrammet-vip/om-skoleprogrammet-vip/vip-makkerskap>

Barnevakten: www.barnevakten.no

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemietisme: www.dembra.no

Skeiv ungdom: <http://www.skeivungdom.no/2015/12/ressurser-til-laerere-og-elever/>

Uke 6 (gratis seksualitets- undervisningsmaterieil til arbeid med relevante kompetansemål i flere fag): www.uke6.no

Redd Barna: <https://www.reddbarna.no/vaart-arbeid/barn-i-norge/nettvett>

Gatemegling Røde Kors: <https://www.rodekors.no/tilbudene/gatemegling/>

Trygg Læring: <http://trygglaring.no/>

Danske UDIR: <http://www.alleforenmodmobning.dk>